

Hei,

Vi viser til søknad om dispensasjon av 8. april og dialog per telefon i ettertid.

Vi har nokre avklaringar og vurderingar som vi ynskjer tilbakemelding frå dykk på før vi går vidare med saka.

De har søkt om dispensasjon frå utnyttingsgrad i gjeldande reguleringsplan, frå 30 % til 36 %. Ein av grunnane til større utnytting er overbygg over uteplassar. Vårt første spørsmål er om det er behov for overbygg på bustaden i nord. Dette ser ikkje ut til å vere ein typisk uteplass der ein oppheld seg. Ber om at de vurderer dette på nytt.

Dispensasjon frå utnyttingsgrad kjem og for at ein vil ha både carport og garasje grunna solcelle på tak og plass til batteri for lagring av straum. Vi ynskjer tilbakemelding frå dykk på vurdering av å ha solcelle på tak på bustad. I tillegg ynskjer vi opplyst kva areal som er sett av for batteri for lagring, og om det er vurdert plassert i teknisk bod eller sportsbod i bustad. Det er illustrert på teikning at det er plass til til saman tre bilar i carport og garasje, vi ynskjer stadfesting frå dykk viss dette er reelt og at batteriet ikkje tar opp større areal.

Tar de bort overbygg over inngangsparti i nord i tillegg til garasje vil tiltak med bustad og carport vere om lag på grense for utnyttingsgrad i plan.

I tillegg søker de dispensasjon frå byggegrense mot veg for både carport og garasje. Vi ser fleire ulemper ved å plassere fleire bygg så tett på vegen og ber difor om at de vurderer å trekke tiltaka nærare bustad om det er mogleg. Vi ber om ei utgreiing om dette er vurdert og om der er mogleg med alternativ plassering.

Med helsing

**Hilde Kjelstrup** | Rådgjevar

Mobil: +47 452 10 707 | Tlf: 53 48 31 00

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



KVINNHERAD  
KOMMUNE

*Tenk miljø før du skriv ut!*